

STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

31.12.2023

- ✓ **Milepåle passert: 40 kull og 200 praktikantar**
- ✓ **Suksess med nasjonal språkkonferanse**
- ✓ **Etter to år fekk Synne fast jobb**
- ✓ **Ny distriktsredaktør for NRK Stor-Oslo**
- ✓ **To nynorskpraktikantar til P3**

Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 195 praktikantar. Frå dei siste ti kulla er 50 prosent framleis i NRK. 24 prosent jobbar i TV 2 og andre medium.

Leiaren oppsummerer hausten 2023

Det er ikkje mogleg å oppsummere hausten 2023 utan å nemne den nasjonale språkkonferansen i september og at vi har runda 40 kull og 200 praktikantar.

Vi arrangerte konferansen «Nynorsk i rampelyset» i samband med opninga av Nynorskhuset i Førde. Målet var å sette nynorsklynga på kartet, og det trur vi at vi klarte. Konferansen trekte godt med folk og hadde solid fagleg innhald. Vi håpar å arrangere fleire konferansar og sette nynorsk på nasjonal dagsorden.

Då vi tilsette kull 40 i november, tilsette vi samstundes praktikant nummer 200 sidan starten i 2004. Det er tidlegare nynorskpraktikantar å finne overalt i NRK, både innanlands og utanlands. Berre for å ta nokre kjende fjes som eksempel:

Roger Sevrin Bruland er NRK-korrespondent i Berlin, Vegard Tjørhom er NRK sin korrespondent i Afrika, Arianrhod Engebø er programleiar i Studio P3, Katrine Nybø programleiar i Nyheitsmorgen, Hans Henrik Bårtvedt er reporter i NRK Sporten og Ida Yasin Andersen er programleiar for Studio 2 på NRK P2.

Og: Det kryr av mange fleire dyktige, nynorskbrukande journalistar frå mediesenteret overalt i NRK - i tillegg til i mange andre mediehus i heile Norge!

Men for å ta eit steg tilbake: NRK Nynorsk mediesenter vart starta i 2004 som eit nasjonalt tiltak for at NRK skulle klare kravet om at 25 prosent av alt innhald skal vere på nynorsk. Rundt tusenårsskiftet stod det nemleg ikkje særleg bra til.

Sidan har praktikantar frå mediesenteret vore avgjerande for at NRK endeleg har klart kravet dei siste åra. Den totale nynorskdelen i NRK enda i 2023 på 25,2 prosent. Dessutan ser vi andre ringverknadar. NRK Nynorsk mediesenter er no modell for andre rekrutteringstiltak for meir mangfald i mediebransjen:

NRK-tiltaka NRK FleRe og Samisk talentprogram er program for å rekruttere fleire med fleirkulturell og samisk bakgrunn. Nynorsk avissenter er Amedia og avis Firda sitt eige nynorsktiltak. Og i haust fekk Teater Vestland fullfinansiert eit Nynorsk scenespråksenter. Det skal ligge i Nynorskhuset saman med NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter.

Samstundes er det for tida tøffe tider i bransjen. Det er langt mellom kvar gong tidlegare praktikantar får fast jobb, og det gjeld ikkje minst i NRK. Vi har sett godt kvalifiserte kandidatar få stang ut i tilsettingsprosessar ved fleire distriktskontor – trass i at behovet for nynorsk har vore stort i dei respektive redaksjonane. Det fortel meg at ansvarskjensla for nynorsk ikkje er godt nok forankra, og at treårsregelen ikkje fungerer etter intensjonen.

Denne regelen seier at tidlegare praktikantar skal ha prioritet til stillingar dei er fullt ut kvalifiserte for – i tre år etter at dei er ferdige med praktikantperioden. Oppfølging av regelen vil vere noko av det mediesenteret må jobbe med i 2024.

Rune Fossum Lillesvangstu, Førde 31. desember 2023

Tilsette kull 40 og praktikant nr. 200

Med fem nye praktikantar på plass ved årsskiftet, har NRK Nynorsk mediesenter tilsett 40 kull sidan oppstarten i 2004. Det betyr at 200 praktikantar til våren vil ha fått opplæringa si i Førde.



Frå januar skal dei fem praktikantane få opplæring og mengdetrening på nett, radio og fjernsyn ved NRK Nynorsk mediesenter.

Etter to månadar med opplæring går dei inn i redaksjonen til NRK Vestland. Dei to siste månadane av praktikantperioden skjer ute i ulike redaksjonar i NRK.

Det er slik opplegget har vore sidan mediesenteret starta opp med det aller første kullet i 2004.

- Det kjennest spesielt å ønskje velkommen til praktikant nummer 200, sjølv om det berre er eit tal. Tenk så mange nynorskbrukande journalistar det er med mediesenteret som bakgrunn – både i NRK og i andre mediehus, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu.
- Det er mange flinke folk som har gått her, og eg er sikker på at kull 40 også kjem til å føye seg inn i den tradisjonen, seier han.

Les meir om dei fem praktikantane på kull 40 lenger bak i rapporten.

Nynorskhuset opna: – Eit kraftsenter!

Torsdag 28. september vart Nynorskhuset opna i Førde sentrum. Det har blitt ei unik klynge - med formidling, kultur og nynorsk som felles himmel.



– Nynorskhuset kan bli eit kraftsenter innan media, scenekunst og kultur. Det kan styrke miljøa og gje konkurransekraft, sa stortingspolitikar Olve Grotle (H) til Firda etter at statssekretær Even Aleksander Hagen hadde stått for den offisielle opninga.

Opningsdagane var proppa med innhold. Det var urpremiere på teaterstykket «Tollak til Ingeborg», språkkonferanse og eksklusivt Språksjov med Linda Eide. Det var ope hus med omvising for alle som ville sjå. Totalt var om lag 3000 menneske innom Nynorskhuset i løpet av tre dagar.

NRK Nynorsk mediesenter har fått ei sentral plassering i bygget, der vi held til med undervisningslokale i andre etasje. Vi ligg vegg i vegg med Nynorsk avissenter, og saman utgjer vi sjølve hjartet i huset: Vi driv ei opplæring av nynorskbrukande journalistar som skal komme NRK og mediebransjen i heile landet til gode. Det er med andre ord eit godt symbol på kva posisjon aktørane i Nynorskhuset ønskjer å ta for nynorsken gjennom dette prosjektet.

Det er NRK, Firda og Teater Vestland som no har flytta saman i eitt hus. På nettsida til Nynorskhuset står det: «Det er når vi møtest at vi utviklar oss, både som menneske og bedrifter. Klyngeeffekten med auka innovasjon, meir kunnskapsdeling og sterkare attraktivitet for både tilsette og bedrifter er godt dokumentert i forskinga. Nynorskhuset i Førde har alle føresetnadnar for å bli eit slikt vekstmiljø til beste for aktørane, publikum og det nynorske språket».

I denne visjonen spelar NRK Nynorsk mediesenter ei nøkkelrolle, og draumen er at vi skal vere med på å skape synergiar ut over sjølve huset..

Språkkonferansen tok nynorsk-tempen

Berre 56 prosent av nynorskbrukarane føler det er akseptert å skrive nynorsk i lokalsamfunnet sitt. Det kom fram i ei undersøking gjort i samband med språkkonferansen «Nynorsk i rampelyset» i Nynorskhuset.



NYNORSK: Språkkonferansen «Nynorsk i rampelyset» vart arrangert i Nynorskhuset i Førde. F.v.: Ingunn Osland (Nynorsk Avissenter), Rune Fossum Lillesvangstu (NRK Nynorsk Mediesenter) og Margunn Selvik Grytten (Teater Vestland).

På oppdrag frå arrangørane gjennomførte Norstat undersøkinga sommaren 2023. Det kom fram at to tredelar av nynorskbrukarane er stolte over å bruke nynorsk. Men det kom òg fram at over 16 prosent har fått negative tilbakemeldingar for nynorskbruken sin det siste året.

Over 5200 personar svarte på den nettbaserte undersøkinga, og resultata vart lagt fram på konferansen i Nynorskhuset i september. Her var det deltagarar frå store delar av landet, og det heile var stødig leia av konferansierane Harald Thingnes og Arianrhod Engebø. Arrangementet var eit samarbeid mellom Teater Vestland, Nynorsk avissenter og NRK Nynorsk mediesenter. Og tilbakemeldingane var gode:

Ein fantastisk dag 😇 Strøkent arrangement, med innslag til ettertanke og inspirasjon 🙌

Den var F A N T A S T I S K BRA!! Rørt til tårer på slutten, av Sigrid sin song og tanken på kor viktig dette huset blir framover! Stolt på dykkar vegne!! 😊😊😊

Hansli er ny redaktør i NRK Stor-Oslo

Svein Ove Hansli returnerer til NRK som distriktsredaktør for NRK Stor-Oslo.



– Eg er veldig stolt og glad for komme tilbake til NRK og få leie NRK Stor-Oslo. Eg er sikker på at vi skal lage solid journalistikk og nyskapande innhald frå Oslo og Akershus, seier Hansli til medier24.no.

NRK Stor-Oslo er tilbake som sjølvstendig distriktskontor frå årsskiftet, og Hansli kjem frå jobben som nyhenderedaktør i Nationen. Han har frå tidlegare ein lengre karriere bak seg i NRK, både som journalist og vaktsjef.

Før overgangen til Nationen i 2017, var han redaksjonssjef i økonomi- og politikkredaksjonen i Nyhendeavdelinga på Marienlyst.

– Eg føler meg trygg på at han saman med redaksjonen vil sikre at vi leverer viktig innhald til publikums beste frå det mest folketunge området i landet vårt. Målet er også å utvikle eit tettare samarbeid med nyhendemiljøet på Marienlyst, seier Heidi Pleym i region Sør-Aust.

Ansvarleg redaktør i Nationen, Irene Halvorsen, seier i ei pressemelding at Hansli har lagt ned eit stort arbeid for å ta Nationen inn i ein meir digital mediekvardag.

– Under Svein Ove si leiing har den digitale delen av abonnentar i avis auka frå 8 til 48 prosent. NRK har kapra ein dyktig leiar, seier Halvorsen.

Svein Ove Hansli gjekk på det første kullet med nynorskpraktikantar ved NRK Nynorsk mediesenter i 2004.

Etter to år fekk Synne fast jobb i NRK

Synne Sørenes fekk den eine av to faste stillingar som var utlyst i NRK Vestland.



FEKK JOBB: Synne Sørenes (t.h.) fekk nyleg fast jobb i NRK. Her er ho på jobb saman med kollega Gerd Johanne Vatne Braadland i NRK Vestland.

– Det er veldig stas! Eg har heile tida vore førebudd på at det ville ta lang tid å få fast jobb, seier Synne Sørenes.

Sørenes var praktikant på kull 34 ved NRK Nynorsk mediesenter våren 2021. Ho hadde ekstern praksis i NRK Vestland i Bergen, og sidan har ho hatt vikariat i den same redaksjonen. Etter to år har ho no fått fast jobb.

– Eg har storlivest i NRK Vestland frå start av, og derfor er eg ekstra glad for at eg får fortsette å jobbe nettopp der så lenge eg vil, seier 29-åringen frå Bømlo.

Sørenes er av typen som kan fylle mange roller i ein redaksjon. I NRK Vestland har ho vore viktig både som reporter, programleiar og for ung-journalistikken. No ønsker ho å jobbe meir som nyhendereporter.

– Eg gler meg veldig til å få halde fram med å fortelle historier frå Vestlandet til heile Noreg. Spesielt synest eg det er spennande å få vere med på den digitale satsinga til NRK Vestland, og eg gler meg til å sjå kva vi kan få til i framtida, seier Sørenes.

Synne Sørenes har ein mastergrad i antropologi. I tillegg har ho tatt spansk-, språk- og kulturstudium, amerikansk litteraturhistorie og pedagogikk. Ho har budd fleire år i Nord-Amerika, hovudsakleg i USA, Costa Rica og Den dominikanske republikk.



Frå Afrika til Israel for Vegard Tjørhom: – Krevjande dekning

Vanlegvis skal Vegard Tjørhom følgje med på over 40 land i Afrika. Med storkonflikt mellom Israel og Palestina vart dekningsområdet endå større.

– Eg følte meg på bortebane, sidan det er Afrika eg kan, og eg kjenner det er krevjande å jobbe med ein konflikt der meiningsane og kjenslene er mange. Både blant dei ein møter i Israel, men også blant dei som ser, lyttar til eller les NRK sine nyheter, seier Vegard Tjørhom.

I november 2022 starta han i drøymeforjobben sin, som korrespondent i Afrika for NRK. Her dekkjer han over 40 land åleine. Men etter at krigen mellom Hamas og Israel braut ut i oktober, vart han etter kvart send dit for å avlaste kollegaene Yama Wolasmal og Åse Marit Befring.

– Dette er ein del av den rulleringa vi må ha med våre team ute i felt. Det er så stor arbeidsbelastning at vi må rullere på folka, seier NRK sin utanriksredaktør Sigurd Falkenberg Mikkelsen til Medier24.no.

Tjørhom var nynorskpraktikant ved NRK Nynorsk mediesenter på kull 18 i 2013.

Bruland vender heim frå Europa

Roger Sevrin Bruland er ferdig med perioden som NRK sin korrespondent i Berlin, og frå nyttår er han tilsett som reporter ved NRK Vestland sitt lokalkontor på Nordfjordeid. Men aller først skal han skrive bok om det han har opplevd som korrespondent. Bruland var korrespondent under pandemien og krigen i Ukraina. Han var nynorskpraktikant ved NRK Nynorsk mediesenter på kull 8 i 2008.

Ida Yasin viste seg fram på sakte-TV – så fekk ho jobb i Studio 2

Den nye programleiaren i Studio 2 på P2 har takka ja til sjanske ho har fått. Dagens draumejobb fekk ho takka vere sakte sykkel-TV.



STUDIO 2: Programmet på P2 går i djupna på aktuelle saker. Ida Yasin Andersen er den einaste nynorske røysta i programleiinga.

Onsdag 8. november hadde ho si første sending som programleiar i Studio 2 på P2. Det var både kjekt og spennande.

– Eg synest det er enormt stas å få denne sjansen, og eg har stor respekt både for programmet og dei som jobbar i redaksjonen, seier Andersen.

Til vanleg jobbar ho i Kulturnytt i NRK Nyhende, men skal vere vikar i Studio 2 fram til sommaren 2024. Ida Yasin Andersen var nynorskpraktikant på kull 29 i 2018. I 2020 fekk ho fast jobb i kulturredaksjonen i NRK Nyhende.

Oldeide tilsett som journalist i GD

Erlend Blaalid Oldeide har sagt opp jobben etter å ha vore reporter og programleiar i NRK i Førde i nesten 20 år. No er nordfjordingen tilsett i avisas Gudbrandsdølen Dagningen på Lillehammer. Oldeide var nynorskpraktikant på kull 4 i 2006.

Even vart «Årets gudbrandsdøl 2023»

– Dette hadde eg ikkje trudd, seier Even Lusæter.



PRIS: Even Lusæter (t.h.) og Hans A. Solbakken (på skjermen) mottar prisen «Årets gudbrandsdøl 2023» av ansvarlig redaktør i GD, Tom Martin Kj. Hartviksen. Foto: Torbjørn Olsen

Even Lusæter og Hans Solbakken vart av lesarane til Gudbrandsdølen Dagningen stemt fram som «Årets Gudbrandsdøl 2023». Duoen fekk 38 prosent av stemmene.

Dei fekk prisen for innsatsen som programleiarar for NRKs sykkelsommar. Duoen sykla frå Bøverdalen inst i Lom kommune, gjennom Gudbrandsdalen til diktarheimen Aulestad i Gausdal. Heile turen vart send direkte på NRK.

Sendingane var spektakulære og fekk mange dølar til å kjenne på stoltheit. Duoen vart først nominerte av ei rekke av GD sine lesarar, før dei sopte med seg stemme etter stemme. Det var ansvarleg redaktør i GD, Tom Martin Kj. Hartviksen, som delte ut prisen til dei to programleiarane.

– Dette er stort for meg. Eg blir stolt av gudbrandsdølene no. Dette hadde eg ikkje trudd, sa Lusæter. Han var praktikant ved NRK Nynorsk mediesenter i 2015.

Lillesvangstu ny leiar i styringsgruppa

Rune Fossum Lillesvangstu er ny leiar i styringsgruppa for Nynorskhuset i Førde, etter at Margunn Selvik Grytten gjekk av i desember. Styringsgruppa består av leiarar frå alle dei tre hovudaktørane i huset – Teater Vestland, avisa Firda og NRK. Jobben som leiar skal gå på omgang mellom verksemndene.

Solid leveranse med praktikantar til P3

Nye NRK-redaksjonar fekk kvar sin nynorskpraktikant ved årsskiftet.



KULL 39: Frå venstre Martin Værum Anda, Jarand Aga Baas, Matilde Sunde Solsvik, Julie Haugen og Ingrid Byggland. Foto: Rune Fossum Lillesvangstu, NRK

Kull 39 fekk praksisplassar med stor geografisk og innhaldsmessig variasjon. Heldigast var P3, som denne gongen fekk to praktikantar i praksis:

- **Julie Haugen:** NRK DM-redaksjonen (Tyholt)
- **Matilde Sunde Solsvik:** NRK P3 nett (Marienlyst)
- **Ingrid Byggland:** NRK Vestfold og Telemark (Porsgrunn)
- **Jarand Aga Baas:** NRK P3 (Urørt, radio og nett på Tyholt)
- **Martin Værum Anda:** NRK Vestland (Bergen)

– Eg er godt fornøgd med denne kabalen. Det er kjekt å sende flinke praktikantar til redaksjonar som har behov for nynorskbrukande journalistar, og vi har fått til ei fin fordeling mellom distriktskontor, riksredaksjonar og redaksjonar med digitalt og ungt fokus, seier leiar ved NRK Nynorsk mediesenter, Rune Fossum Lillesvangstu.

Ved årsskiftet var praktikantane på kull 39 ferdige med den grunnleggande opplæringa og praksis på nyhendedesken i Førde. Den eksterne praksisperioden er i januar og februar 2024.

Faglærar leia Klassequizzen i Nordfjord

Eva Marie Felde vart i haust hyra inn for å vere quizmaster for Klassequizzen i NRK Vestland. Ho er til vanleg faglærar ved NRK Nynorsk mediesenter, der ho har vore tilsett sidan 2021. Felde hadde ansvaret for dei deltagande skulane i Nordfjord.

Dette er praktikantane på kull 40



Sjur Systad Tyssen (34), frå Førde i Vestland

Tyssen har erfaring som musikkritikar- og meldar i NRK P3. Han har også vore musikkjournalist i Natt & Dag og i bransjenettstaden Gaffa. No ynskjer han å bygge på den praktiske erfaringa med ein journalistisk kompetanse og meistre fleire plattformer. Fördianaren har ein bachelorgrad i kreativ marknadskommunikasjon, og han kjenner på nynorsk som ein viktig identitetsmarkør.

Laurita Fure Briceno (31), frå Hellesylt i Møre og Romsdal

Sunnmøringen med anar frå Chile har ein bachelorgrad i internasjonal marknadsføring frå BI. Ho vart kåra til den beste studenten på si linje. Etter studia har ho arbeidd som medierådgjevar, med søkemotoroptimalisering, innhaltsproduksjon og annonsar i fleire selskap. Briceno meiner humor er best på dialekt, og ho kjenner seg som eit anna menneske om ho må skrive på bokmål.

Henning Levold (29), frå Trondheim i Trøndelag

Levold har ein master i historie frå Universitetet i Bergen, og han har jobba hos byantikvaren i Stavanger. Han har ein bachelor i filosofi. Han har arbeidd som konsulent ved UiB, vore lettmatros og guide på museum. Han har også vore fotballdommar, og er ivrig quizmaster. I statlege jobbar har han teke språklova og nynorsk på alvor, og ser fram til å vere med og bevare og vidareutvikle nynorsken.

Tora Carlsen Haaland (25), frå Stavanger i Rogaland

Haaland kjem frå jobb i Skald forlag i Sogn, der ho var forlagsredaktør- og medarbeidar. Med seg har ho også sommarvikariat i Bergens Tidende og Stavanger Aftenblad, og eitt år som kulturredaktør i Studvest. Ho har ein bachelorgrad i samanliknande politikk, i tillegg til årsstudium i nordisk språk og litteratur og arabisk. Ho har alltid vore glad i nynorsk og brukta det når ho kan.

Jonas Kroken Sævereide (26), frå Sola i Rogaland

Rogalendingen har vore tilkallingsvikar som fotograf og redigerar i NRK på Marienlyst. Han kom dit under bachelorutdanninga i film- og tv-produksjon. Sævereide ynskjer å styrke seg som journalist ved å lære fleire plattformer og lage eigne saker. Han har ein bachelorgrad i litteraturvitenskap frå UiB, og har vore elev ved skrivekunstakademiet i Hordaland.

Kull 40 startar på opplæringa i Førde 2. januar, og dei skal vere ferdige som praktikantar i juni 2024. Eva Marie Felde, Brit Jorunn Svanes og Oddmund Haugen skal vere faglærarar for kullet.

Kvar blir nynorskpraktikantane av?

Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 195 praktikantar. Frå dei siste ti kulla har 74 prosent av praktikantane jobb i ulike medium. 50 prosent er framleis i NRK, medan 24 prosent jobbar i TV 2 og andre medium.

Vi har tidlegare praktikantar i radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: NRK P3, Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Ekko i P2 og Kveldsåpent i NRK P1. Det er tidlegare praktikantar på NRK-kontora i Berlin og Nairobi, i tillegg til distriktskontor rundt omkring i heile landet.

Det er også journalistar herifrå som er reporterar i TV 2, nyhenderedaktør i Nationen, politisk redaktør i Bergensavisen, utgåveredaktør i Nettavisen, redaktør i avisene Hordaland og journalistar i VG, Bergens Tidende og ei rekke andre nettavisar.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving i t.d.: Statsministerens kontor, Valdirektoratet, Språkrådet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag og Røde Kors.

I statusrapportane tek vi berre med dei fem siste kulla:

Kull 38: 2. januar 2023 – 30. juni 2023



Annvor Seim Vestrheim (1995) er vikar i NRK Ung, **Hedda Kurseth (2000)** er vikar i NRK Direkte, **Ingrid Turtum (1996)** er vikar i NRK Innlandet, **Oda Bjønnes Hanslien (2000)** er tilkallingsvikar i Stavanger Aftenblad og **Synne Malen Sandven (1995)** er vikar i NRK Utanriks.

Kull 37: 22. august 2022 – 28. februar 2023



Sander Eide Aase (2003) er lettmatros og politikar, **Ingrid Nedrebø (1996)** vikar i NRK Kultur, **Berit Helle Jonsbråten (1996)** er tilkallingsvikar i NRK Vestland, **Sunniva Skurtveit (1996)** er vikar i NRK Trøndelag og **Solveig Oddvarsdotter Myren (1999)** studerer regi og fleirkameraproduksjon på Lillehammer.

Kull 36: 3. januar 2022 – 30. juni 2022



Oda Flaten Lødemel (1993) er vikar i NRK Vestland, **Kristina Kassab Liland** (1997) er vikar i NRK Kultur, **Ingeborg Grindheim Slinde** (1995) er fast tilsett som reporter i NRK Vestland, **Ingrid Gulbrandsen Årdal** (1996) er fast tilsett som reporter i NRK Nordland og **Kasper Valestrand** (1990) er vikar i avisas Nordhordland.

Kull 35: 17. august 2021 – 28. februar 2022



Erlend Skorpetveit Aga (1996) er fast tilsett som videojournalist i TV Bra, **Ingeborg Undheim** (1998), er tilkallingsvikar i NRK Økopol, **Adan Hassan Tassamma** (1994) er vikar i NRK Stor-Oslo, **Maria Gunnarsdotter Svedal** (1994) er vikar i NRK Vestland og **Bjørne Østrem Djukastein** (1995) er vikar i NRK sin innanriksredaksjon og deskredaksjon på Marienlyst.

Kull 34: 4. januar 2021 – 30. juni 2021



Åshild Slåen (1995) er fast tilsett som journalist i nettavisen framtida.no, **Martha Linnea Pukallus** (1999) er frilansfotograf og -journalist, **Synne Sørenes** (1994) er fast tilsett i NRK Vestland i Bergen, **Ingeborg Kløve-Graue** (1994) er konsulent i Helse Bergen og **Oddgeir Sæle** (1991) er vikar i NRK Vestland i Førde.

FAKTA OM FIRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for dei tre andre. Leiar: Rune Fossum Lillesvangstu

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem eller seks praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Oslo og Viken i Oslo. Leiar: Iram Ansari

Samisk talentprogram – for rekruttering og opplæring av samisktalande journalistar på alle plattformer. Tek inn seks kandidatar i året. Praksisperioden er på ti månadar. Oppretta og drive av NRK Sàpmi sidan 2020. Leiar: Alice Jektevik

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avis Firda i Førde. Leiar: Ingunn Osland

NRK Nynorsk mediesenter samarbeider så mykje som mogleg med dei tre andre strategiske rekrutteringstiltaka:

Med NRK FleRe og Samisk talentprogram har vi felles fagdagar i Oslo. Med Nynorsk avissenter samarbeider vi om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Vi har dessutan sams søknadsfrist, og kandidatar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå.